



NYE MIDT-TELEMARK

Det er mi fremtid de bestemmer.



NYE MIDT-TELEMARK

Det er mi fremtid de bestemmer.

For at alle skal ha moglegheit til å sette seg inn i dette store spørsmålet vil kommunane informere innbyggjarane best mogleg. Dette skal skje på fleire måtar:

- Alle dokument med intensjonsavtala, analyser, økonomiske berekningar og bakgrunnsinformasjon for forhandlingsutvalet ligg åpent tilgjengeleg på heimesida **www.midt-telemark.no**
- Denne brosjyra sendas ut til alle husstander i Midt-Telemark.
- Det gjennomførast undervisningsopplegg på dei vidaregåande skulane og på ungdomsskolane (10.trinn)
- Kommunane arrangerar opne folkemøter, sjå side 8.

► SIDE 3

Ein kort oversikt over kva intensjonsavtala dreiar seg om.

► SIDE 4-7

Her gjengir vi heile intensjonsavtala som er gjort av forhandlingsutvalet i Bø, Nome og Sauherad.

► SIDE 8

Informasjon om folkemøter og folkerøysting 10. april

NYE MIDT-TELEMARK PÅ EI SIDE

	STOR KOMMUNE!	ELLER HVER FOR SEG?
Størrelse, folketall og politisk tyngde	Ca. 17 000 innbyggjarar, 8000 arbeidstakarar og ca. 6600 arbeidsplassar. Kommunen blir den Telemarks tredje største kommune og den 70. største kommunen i landet. Me blir ein stor distriktskommune.	Bø: 6060 innbyggjarar Nome: 6536 innbyggjarar Sauherad: 4351 innbyggjarar
Vekst, posisjon, regional utvikling	Midt-Telemark kommune vil vere ein distriktskommune som har ambisjonar og moglegheit for vekst i arbeidsplassar og folketal. Intensjonsavtala prioriterer satsing på eit næringsfond for å kunne vere ein meir aktiv utviklingsaktør.	Midt-Telemark er framleis det same området beståande av 3 kommunar. Det vil vere konkurranse om arbeidsplassar og innbyggjarar
Tenester til innbyggjarane	I følge kommunebarometeret kan kvaliteten i små kommunar vere like bra som i større. Men det er større variasjonar i mindre kommunar, noko som blir forklart med små, sårbare fagmiljø. Effekt av større fagmiljø skal brukast til å styrke tenesteproduksjonen.	Bø, Nome og Sauherad kommunar har alle negativt netto driftsresultat i 2014. Det kan bli større utfordringar med å halde oppe tenestekvaliteten dersom det blir nedgangstider i landet
Effektivisering	Det er mogleg å effektivisere styrings- og administrasjonskostnadene når ein går frå tre kommunar til ein. Eit konservativt anslag er 15 mill. pr. år. Statistisk Sentralbyrå har rekna ut at ein får nedgang i administrasjonskostnadene opp til kommunestørrelsar på rundt 20 000 innbyggjarar.	Kvar kommune må effektivisere betydeleg innanfor eksisterande tenesteområde for å oppnå positivt netto driftsresultat.
Utdanningsregion	Ein samanslått kommune i Midt-Telemark vil vere vertskapskommune for to store vidaregåande skular med dei fleste viktigaste programfaga, ein studiestad for HSN som har tilbod innan tre av fire fakultet i den nye høgskulen, og ein folkehøgskule. Høgskulen har konkrete planer om å bli universitet. Ein ny kommune i Midt-Telemark har som mål å vere best på utdanning i Telemark og halde fast på dagens skulestruktur.	I dag har Bø kommune hovudansvaret for vertskapsrolla for Høgskolen i Sørøst-Norge og for Bø vgs, Nome har vertskapsrolla for Nome vgs i Lunde og på Søve, og Sauherad for Sagavoll. Grunnskulane ligg på Gvarv, Ulefoss, Lunde, Bø og Folkestad.
Helse-tenester	Vidareføring av eksisterande lege- og legevakttenester. Ein vil satse på å oppnå spesialiseringsgevinstar gjennom sterkare fagmiljø innanfor både rus/psykiatri, demens, rehabilitering, hjelpemiddelformidling, lindrande behandling og eventuelle andre. Minst eitt av disse tilboda skal lokalisert i Lunde.	I utgangspunktet skal helsetenestene løysast av kommunane sjølve. Det blir samarbeid om legevakt og øyeblikkeleg hjelp. I tillegg blir det felles kommuneoverlege i Midt-Telemark i halv stilling. Kommunane vil måtte utvide dagens samarbeidsløysingar og utvikle nye for å løyse nye krav og oppgåver.
Lokalisering	Tenestene blir levert nærast mogleg der folk bur. Administrative funksjonar skal samlast og lokalisert med Rådmann, kulturetat og stab i Bø; skuleadministrasjon, PPT, barnevern, landbruk og skatteoppkrevjar i Sauherad; helseadministrasjon, NAV og teknisk i Nome. Slik får ein utnytta dei administrative lokala som kommunane rår over i dag.	Kvar for seg vil det bli små endringar med tanke på lokalisering.
Kulturtilbod	Ein av landets beste kulturkommunar. Ein kulturadministrasjon, kulturskule, bibliotek og frivillig aktivitet der folk bur.	Kulturadministrasjonane er små fagmiljø kvar for seg med lite spesialisert kompetanse.
Økonomi	Den nye kommunen vil bruke 50 mill. i eingongsstøtte frå staten til å finansiere eingongskostnadene med å etablere den nye kommunen. Mål for ny kommune er eit netto driftsresultat på 1,75 % for å gi økonomisk handlingsrom.	Kommunane må kvar for seg prioritere sterkt for å oppnå positivt netto driftsresultat over tid. Forslag til nytt inntektssystem straffar kommunar som ikkje slår seg saman.
Investeringar	Prioritert i intensjonsavtala: Ny brannstasjon på Ulefoss. Skulebygg på Gvarv Framtidig utviding av ungdomsskolen Bø	Dei same prioriteringane ligg inne i planane til kvar enkelt kommune.
Kommunestyre	Nytt felles kommunestyre skal ha 39 representantar for å sikre tilstrekkeleg representasjon ved oppstart av ein ny kommune. Felles nemnd for etablering av ny kommune skal ha 5 frå kvart kommunestyre	I dag har Bø 25 representantar, Nome 29 representantar og Sauherad 29 representantar

Intensjonsavtale for ny kommune i Midt-Telemark

Stortinget har vedtatt at alle norske kommunar innan juni 2016 skal gå gjennom sin eigen struktur og vurdere om den er eigna for å møte det framtidige behovet til innbyggjarane. Samfunnet er i utvikling, og oppgåvene til kommunane blir fleire og meir komplekse. Utviklingstrekka tilseier at mange kan vere best tent med ein ny struktur for å gje gode nok tenester til innbyggjarane.

Bø, Nome og Sauherad kommunar har som intensjon å opprette ein ny kommune for Midt-Telemark.

Denne intensjonsavtala beskriv korleis kommunane skal gjere dette.

Visjon og verdjar

Visjon: Den nye kommunen skal byggast som ein demokratisk styrt, heilskapleg, sterk og effektiv kommune med gode tenester, der tettstadene og grendene beheld sitt særpreg.

Verdjar: Driftigheit, tryggleik, trivsel, mangfald og vekst.

Kva skal vi oppnå?

Midt-Telemark kommune får ca. 17 000 innbyggjarar. Dette vil gjere oss til den tredje største kommunen i Telemark og blant landets 60-70 største kommunar. Ein slik kommunestørrelse vil sikre stabil kommuneøkonomi og god kvalitet på tenester til innbyggjarane for lang tid framover.

Midt-Telemark har over 8000 arbeidstakarar og ca 6600 arbeidsplassar, og nærleik til arbeidsmarknad både på Østlandet, Sørlandet og Vestlandet, samt nærleik til hamner og flyplassar med forbindelsar over heile verda. Vi har alle føresetnader for å kunne vekse både befolkningsmessig og i talet på arbeidsplassar.

Målsettinga er å vekse i takt med landsgjennomsnittet.

Vi skal vere ein sterkare vertskapskommune for Høgskolen i Sørøst-Norge og for våre vidaregåande skular. Det betyr at vi både kan og vil satse på utdanning som strategisk verkemiddel for å utvikle vårt lokalsamfunn vidare.

Midt-Telemark skal vere ein kulturkommune som er blant landets beste på kulturtilbod til besøkande og innbyggjarar. Dette i tett samarbeid med frivillighetsarbeidet i heile kommunen.

Vegar, bane, breiband og kollektivtrafikk skal støtte opp om vekst og utvikling av den nye kommunen i Midt-Telemark.

Tenesteproduksjon og lokalisering

Mål: Kommunen skal vere ein sterk utdanningsregion, med den beste barnehagen og grunnskulen i Telemark og eit breitt tilbod av vidaregåande utdanning. Kommunen skal i tillegg vere ein sterk vertskommune for dei vidaregåande skulane og for Høgskolen i Sørøst-Norge. Kommunen har som mål at tenester skal leverast til innbyggjarane nærast mogleg der dei bur, og at forvaltningstenester blir produsert effektivt og med god kvalitet. Det skal være stillingar knytt til administrasjon og leiing i alle delar av den nye kommunen.

Effektivisering

Den nye kommunen skal sørge for ein meir effektiv tenesteproduksjon med vekt på tenester med høg kvalitet som blir levert der folk bur. Forvaltningstenester og søknadsbehandling skal etter ei kost-/nyttevurdering bli fulldigitalisert så fort som det er forsvarleg.

Effektiviseringsgevinstane skal brukast til å gjere kommunen meir økonomisk bærekraftig, samtidig som kvaliteten på tenestene held eit stabilt høgt nivå.

Innbyggjarane skal alltid ha moglegheit for å ta personleg kontakt med kommunen.

Lokalisering

Kommunen skal lokalisere stillingar knytt til administrasjon og leiing i alle dei tre tidlegare kommunane for å bidra til positiv stads- og arbeidsplassutvikling i alle delar av kommunen.

Administrative fellesfunksjonar blir samla mest mogleg på ein stad for å styrke fagmiljøa og sikre effektiv bruk av digitale styringssystem for verksemder.

- Den nye kommunen skal lokalisere ordførar og rådmannen med stab, IKT og kulturadministrasjon til Bø.
- Skule- og oppvekstadministrasjonen, landbrukskontoret, skatteoppkrevjaren og arbeidsgjevarkontrollen samt kontor for tillitsvalde skal lokaliserast til Sauherad.
- Helse- og velferdsadministrasjonen samt NAV-kontoret, teknisk etat og energiverket skal lokaliserast til Nome.

Skulestruktur

Administrasjonen av Skule og oppvekst blir samla på ein stad med fagstab samt PPT og barnevern. Nåverande skulestruktur blir oppretthalden. Skulekretsgrensene følger nærleiksprinsippet med logiske justeringar. Kommunen har i hovudsak offentlege skular, men stiller seg positive til dei private skulane som er godkjende.

Barnehagar

Kommunen skal ha barnehage tilbud med høg kvalitet der folk bur, eller langs viktige pendlingsaksar. Det er mål om full barnehagedekning med kontinuerleg opptak gjennom hele året. Kommunen skal ha eit sterkt innslag av offentlege barnehagar og samtidig legge til rette for private barnehagar.

Helse, omsorg og velferd

Administrasjonen av Helse og omsorg blir samla på ein stad med fagstab og relevante fagavdelingar.

Dei største tenesteområda innanfor helse og omsorg vil vere der dei er i dag, basert på prinsippet om at tenesta skal leverast nærast mogleg brukarane, vege opp mot behov for spesialisering. Kommunen vil vurdere vidare spesialisering innanfor helse der ulike spesialfelt krev spisskompetanse.

Det skal gjennomførast ei utgreiing om felles tilbod innanfor helse og omsorg, som demens, rus/psykiatri, rehabilitering, hjelpemiddelformidling, tilbod til pasientar med behov for lindrande behandling i sluttfasen av livet samt andre moglege helsetilbod. Minst eitt av tilboda skal lokaliserast til Lunde.

Legesentera samt plassar for øyeblikkeleg hjelp skal vidareførast slik dei er i dag. Legevakt på kveld, natt og helg skal vidareførast som i dag i samarbeid både med Notodden og Skien.

Kultur og kulturstrategiar

Mål: Midt-Telemark skal vere blant landets 20 fremste kulturkommunar. Kulturtilbod for barn og unge skal prioriterast i alle delar av kommunen.

Kulturadministrasjonen skal samlast på ein stad, men dei operative tenestene skal leverast så nær opp mot innbygarane som mogleg.

Kulturskulen blir vidareført under ei leiing, med skuletilbod så nær som mogleg der elevane bur, i utgangspunktet der dei vert gjevne i dag.

Kommunen vil satse på frivillig sektor som ein viktig bidragsytar for innbygaranes samla tilbod av kultur og idrettsaktivitetar. Vidare skal den vere ein viktig aktør for å styrke og utvikle den stadlege identiteten, eigenarten og tilhørsla.

Telemarkskanalen, som er fellesnamnet på dei to kanalstrengane, er eit prioritert kulturminne og viktig som turistattraksjon.

Kommunen vil vidareføre eksisterande bibliotek under ein biblioteksjef. Kommunen vil også nytte sjølvbetente bibliotekløysingar for å kunne tilby distribuerte bibliotek-

tenester nærast mogleg der folk bur.

Kommunen skal ivareta og vidareutvikle eksisterande struktur for kultur- og idrettsanlegg. Leigeprisane skal fremme auka frivillig kultur- og idrettsaktivitet.

Interkommunalt samarbeid

Det interkommunale samarbeidet som før samanslåinga bare omfattar Bø, Nome og Sauherad, vil bli innlemma i den nye kommunen si ordinære drift. Samarbeid som omfattar andre kommunar enn desse tre, vil bli vurdert vidareført, eller utvikla i den nye kommunen.

Økonomi

Bø, Nome og Sauherad kommunar har som mål å vere i økonomisk balanse (ute av Robek) når dei går inn i den nye kommunen 1.1.2020.

Den nye kommunen har som mål å budsjettere med eit årleg netto driftsresultat på 1,75 %.

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for ei god økonomisk forvaltning i kommunane. Netto driftsresultat viser årets driftsoverskot etter at alle utgifter, renter og avdrag er betalt, og er eit uttrykk for kva kommunar har til disposisjon til avsetting og investering.

Den nye kommunen vil bruke eingongsstøtta frå staten til eingongskostnader for etablering av den nye kommunen. Effektiviseringsgevinstar som oppstår ved å etablere ein ny kommune, skal gå til styrking av dei kommunale tenestene.

Økonomi- og investeringsplanar

Økonomiplanane til dei eksisterande kommunane peikar på dei høgast prioriterte og finansierte tiltaka som er med inn i den nye felles kommunen. Desse vil òg bli prioritert gjennom økonomiplanarbeid i ei felles nemnd fram mot 2020. Ved inngåing av intensjonsavtala er det felles forståing for følgjande investeringsbehov som kommunane jobbar med, eller peikar på vil komme i nær framtid.

- Ny brannstasjon på Ulefoss
- Skulebygg på Gvarv
- Kapasitet på ungdomsskolen i Bø (etter 2020)

Samfunns- og næringsutvikling

Mål: Midt-Telemark kommune skal ha den høgaste befolkningsveksten i Telemark og som eit minimum på gjennomsnittleg landsnivå.

Midt-Telemark kommune skal ha den største veksten i talet på arbeidsplassar i Telemark og som eit minimum på gjennomsnittleg landsnivå.

Bolig- og tettstadsutvikling

Kommunen skal drive aktiv tettstadsutvikling. Dette for å styrke attraktiviteten for busetting og arbeidsplassetablering på alle sine tettstader. Den lokale eigenarten og identitet til staden skal vege tungt. Kommunen vil stimulere frivillig sektor i nærmiljøa for å styrke identitetsfølelsen.

Det er ønskeleg med utvikling i heile kommunen, og det kan leggast til rette for bustadbygging også i spreiddbygde strøk.

Næringsutvikling

Kommunen skal bidra aktivt til næringsutvikling gjennom effektiv og kvalitativt gode forvaltningstenester som har fokus på næringslivets behov. Kommunen skal aktivt legge til rette for næringsaktivitet gjennom arealplanar og legge til rette for næringsareal og infrastruktur. Kommunen skal drive eit lokalt næringsutviklingsapparat som er proaktive medspelarar både for utvikling av eksisterande næringsliv, for lokaliseringar og for nyetableringar.

Det er eit mål å bygge opp eit næringsfond ved å sette av 1/4 av netto driftsresultat årleg.

Kommunen ser på samarbeid med dei vidaregåande skulane i regionen og med Høgskolen i Sørøst- Norge som svært viktig for å sikre næringslivet tilgang på framtidig, kvalifisert arbeidskraft.

Kompetansmiljøa er heilt sentrale for å vidareutvikle kompetanse hos tilsette og det etablerte næringslivet. Om statlege arbeidsplassar innan landbruk i framtida blir lokalisert til Midt-Telemark, skal ein vurdere å plassere desse på Søve saman med kommunens landbruksetat. Dette med tanke på å opprette eit regionsenter til styrke for landbruksnæringa i kommunen samt å styrke den vidare eksistensen til skulen. Sauherad-delen av den nye kommunen blir da kompensert med andre arbeidsplassar.

Klima og miljø

Det skal lagast ein ny klima- og miljøplan for Midt-Telemark. Det skal jobbast for å tilfredsstillere nye nasjonale mål om utsleppsreduksjonar. Kommunen må planlegge for moglege miljø- og klimapåverknader blant anna som følge av ekstremvær.

Klima- og miljøkonsekvensar skal synleggjerast i alle saker som blir fremma for kommunestyret.

Jordvern og arealutnytting

Landbruk er viktig. Kommunen skal ha ein streng praksis for å ta vare på mest mogleg av matjorda. Ein ny og større kommune skal planlegge arealbruk heilskapleg for å sikre plass til bustadbygging og næringsutvikling utan å bygge ned matjord.

Infrastruktur og kommunikasjon

Mål: Arbeide for effektive transportsystem til beste for innbyggjarane og næringslivet i kommunen.

Riksveg 36, FV 360, FV 359, Sørlandsbanen og Bratsbergbanen er dei viktigaste vegane eller kommunikasjonane for næringsliv, arbeidspendlarar, innbyggjarar og studentar i vår region. Valebøvegen er ein viktig avlastningsveg. Kommunen vil derfor arbeide for at:

- RV 36 blir planlagt og utvikla som samanbindingsveg mellom E18 og E134 langs eksisterande trase. Tilsvarende må FV 360 mellom Gvarv og Notodden rustast opp.
- FV 359 Kaste-Stoadalen blir gjennomført med høgast mogleg offentleg finansiering snarast mogleg. Det blir forventa eit statleg økonomisk bidrag med tanke på redusert eigenbetaling.

Kommunen vil arbeide for at:

- Sørlandsbanen stoppar på Lunde, Bø og Nordagutu stasjon på alle avgangar, og at frekvensen mot Oslo blir oppretthalden eller auka. Midt-Telemark skal inn på InterCity-kartet.
- Bratsbergbanen stoppar på småstasjonar som Holtsås og Hjuksebø.
- Busstilbodet i Midt-Telemark støttar internpendling og bruk av kollektivreiser for servicetilbod mellom alle tettstadane i kommunen (timesfrekvens mellom alle 4 tettstader). Busstilbodet skal også støtte arbeidspendling mot Skien/Porsgrunn, Notodden/Kongsberg og Seljord.
- Fylkesvegen over Valebø blir utbedra slik at regulariteten og trafikksikkerheten aukar for ein viktig avlastningsveg for RV 36.
- Det blir bygd gang- og sykkelveg langs RV 36 og viktige fylkesvegar. Trafikksikkerheitstiltak for skulevegar skal prioriterast høgast.
- Det er eit høgastigheits breibandstilbod til alle bedrifter og husstandar i Midt-Telemark.

Grensejustering

Eit vedtak om etablering av Midt-Telemark kommune inneber at ein er positiv til ei grensejustering i austre del av Sauherad kommune. Partane i denne avtala er innforstått med at Sauherad kommune vil begynne arbeidet når eit slikt vedtak er fatta, og gjev si tilslutning til ein slik prosess.

Kommuneplan for ny kommune

Som førebuing til etablering av den nye kommunen skal det lagast ein kommuneplan (samfunnsdel) som skal vedtakast i løpet av 2019. Nemnda er politisk ansvarleg for dette planarbeidet.

Demokrati

Mål: Kommunen skal ha høg politisk deltaking og brei demokratisk representasjon, både politisk og geografisk, i dei styrande organa i kommunen.

Kommunen skal, som fylkets tredje største kommune, utgjere ei sterk og tydeleg stemme i det regionale arbeidet i Telemark. Kommunen skal sikre lokal demokratisk styring med, og vere posisjonert for, dei nye forvaltingsoppgåvene som staten overfører til kommunane. Frivilligheitsarbeidet er ein viktig nærdemokratisk arena som skal styrke lokalsamfunna og vere ein viktig møtestad for sosiale opplevingar og aktivitetar.

Lokaldemokrati og politisk organisering

Arbeidsnamn på kommunen er «Midt-Telemark kommune». Ei felles nemnd vil utlyse ein namnekonkurranse der innbyggjarane får anledning til å fremme namneforslag. Felles kommunestyremøte i 2017 gjer endeleg vedtak om namneforslag.

Kommunestyret

Kommunestyret skal vere på 39 representantar for å sikre en breiast mogleg representasjon ved etableringa av den nye kommunen. Utover lovpålagte utval skal det veljast tre hovudutval:

- Hovudutval for forvaltning, teknikk og næring
- Hovudutval for oppvekst og kultur
- Hovudutval for helse og velferd

Nemnd for samanslåing

Når kommunestyra har prinsippvedtatt samanslåing til ein ny kommune, skal det veljast ei felles politisk nemnd som skal planlegge den nye kommunen. Nemnda skal bestå av 5 personar oppnemnd av kvart kommunestyre, til saman 15 personar.

Myndighetsutøving

korleis kommunen gjer vedtak som angår innbyggjarane som individ eller bedrift

Mål: Kommunen skal levere god kvalitet på tenestene med ein høg etisk standard der rettstryggleiken til innbyggjarane i forvaltings spørsmål blir ivaretatt. Dette blir gjort ved å bygge fagmiljø med god kompetanse og tilstrekkeleg distanse som skal sikre objektiv behandling. Kommunen skal få tilført fleire oppgåver frå staten.

Strategier

Kompetanse og tenesteproduksjon skal styrkast. Ein ny kommune skal organisere kvart tenesteområde i større fagmiljø som er mindre sårbare for sjukefråvær og/eller ubesette stillingar.

Fagkompetansen blir dermed styrka gjennom betre rekruttering til interessante fagmiljø og gjennom fagleg utviklingsarbeid på alle tenesteområde i kommunen.

Fleire saksbehandlarar innanfor kvart av kompetanseområda i kommunen vil avgrense nære forbindelsar eller relasjonar mellom brukar/søkar og saksbehandlar i kommunen, forbindelsar som kan så tvil om habiliteten til saksbehandlar. Rettstryggleiken til brukaren blir dermed ivarett på ein betre måte ved at det blir etablert tilstrekkeleg distanse i forvaltninga.

Ein ny og større kommune vil ha større økonomisk handlingsrom til å fulldigitalisere innbyggjardialog og innbyggjartenester på ein sikker måte. I dette ligg ei tryggare forvaltning og system som tar betre i vare person- og informasjonstryggleik.

Beredskap

Kommunen vil stille klare krav til dei statlege nødetatane om å styrke samarbeidet med kommunen om akuttberedskap, samtrening og førebyggjande arbeid. Kommunen vil arbeide for at det blir etablert og vidareutvikla eit beredskaps senter for samtrening av nødetatane på Sagamoen. Kommunen forventar at politiet er stadleg representert i Midt-Telemark kommune.

Administrasjonspråk

Kommunen vil ta omsyn til at innbyggjarane både har bokmål og nynorsk som hovudmål.

Den nye kommunen skal vere to-språkleg. Fellesnemnda skal utarbeide ein målbruksplan som konkretiserer korleis ein kan forvalte begge dei norske språka.

Kommunen som arbeidsgjevar

Ingen tilsette skal bli sagt opp som følge av samanslåinga, men nokre tilsette vil måtte rekne med nye arbeidsoppgåver og/eller ny arbeidsstad.

Kommunen skal ta i vare interessene til dei tilsette gjennom oppretting av partssamansette utval så snart prinsippvedtak om ny kommune er gjennomført. Utvikling av den nye kommunen vil skje i nær dialog med representantane til dei tilsette i tråd med hovudavtalas vedtak om tilsettes medbestemming og drøftingsplikt.

Informasjon til innbyggjarane og tilsette

Det skal gjennomførast informasjonsmøte, informasjonskampanjar og andre aktivitetar for å sikre at alle innbyggjarar og tilsette har moglegheit til å få satt seg inn i kva ei kommunesamanslåing betyr.

I forbindelse med eventuelle innbyggjarhøringar, spørjeundersøkingar og folkeavstemmingar vil det bli gitt god informasjon i for- og etterkant.

Forhandlingsutvalet anbefaler at kommunestyra legg denne intensjonsavtala fram for innbyggjarane.



Delta på våre folkemøte

Si di meining og få utfyllande informasjon på våre folkemøte.
Det kan bli fleire møte enn dette, men desse tidspunkta er bestemt på trykkeskjemaet.

BØ KOMMUNE



- Ope møte 4. februar kl 18.00 i Gullbring kulturanlegg.

Folkerøysting med 16 års grense for å røyste (fyller 16 år i 2016) på kommunehuset søndag 10. april kl. 1200 - 1800.

Førehandsrøysting tysdag 29. mars og onsdag 30. mars kl 8-16 og 4.-8. april kl. 1200 - 1800 på kommunehuset. Ambulerande 6. april, sjukeheimen 7. april.

NOME KOMMUNE



- Åpent møte i Helgen 2. mars kl 18.00
- Åpent møte i Lunde 9. mars kl 18.00
- Åpent møte på Ulefoss 10. mars kl 18.00
- Åpent møte i Flåbygd 15. mars kl 18.00
- Åpent møte på Svenseid 16. mars kl 18.00

Alle manntallsførte personer født i år 2000 eller tidligere kan stemme. Det blir mulig å forhåndsstemme på kommunehuset i uken før valgdagen.

Alle ordinære valglokaler blir åpne søndag 10. april mellom kl 12.00 - 18.00.

SAUHERAD KOMMUNE



- Åpent møte på Gvarv samfunnshus 19. februar kl 18.00 - 20.00
Tema: forhandlingsutvalget ønsker innspill til Øst- avtalen før signering.
- Åpent møte på Nordagutu sambruksanlegg 14. mars kl 19.00-21.00
- Åpent møte på Akkerhaugen, Idunshall 29. mars kl 19.00-21.00

Sauherad utreder to sammenslåingsalternativer, en mot Midt-Telemark og en mot Øst-Telemark. For å høre befolkningen vil det i uke 11 og uke 13 bli foretatt en opinionsundersøkelse. Alle manntallsførte personer født i år 2000 eller tidligere vil bli oppringt fra telefonnummer 73 10 21 00. Undersøkelsen vil ta 3-5 minutter å gjennomføre. Er du forhindret fra å ta telefonen vil du bli forsøkt oppringt en (1) gang. Dersom du ønsker å avtale ett spesifikt klokkeslett må du svare når de ringer og avtale det direkte med dem. Har du reservert deg fra telefoner fra opinionsmålinger må du selv oppheve denne reservasjonen for å kunne være med i undersøkelsen. Resultatet kunngjøres 10. april 2016 etter kl. 16.00.

BESTILL EIN POLITIKAR!

Kommunane oppfordrar lag og foreiningar som debatterar dette spørsmålet om å invitere ordfører eller andre politikarar til å kome på deres arrangement for å innleie til debatt eller å delta i debattane. Ta kontakt med kommunens servicekontor eller ordføreren direkte.

Kommunestyra i Bø, Nome og Sauherad har vedteke å leggje denne intensjonsavtala ut til innbyggerane for å innhente deiras syn. I Nome og Bø skal dette formelt skje gjennom folkerøysting 10. april. I Sauherad blir det gjennomført opinionsundersøking der eit representativt utval av befolkninga blir ringt opp av eit firma på vegne av kommunen.